
Fra: Kristin Schübeler Nielsen
Sendt: 24. september 2015 13:28
Til: 'larissa.dahl@htb.no'
Emne: VS: sak Galteråsen 3-5 Gbnr 137/760
Vedlegg: Telefonsamtale om tilleggsinformasjon - gbnr 137760 Alver (116211).pdf

Til Helgesen Tekniske Bygg
v/ Larissa Dahl

Eg viser til telefonsamtalar i går mellom deg, Benjamin Hicks ved Byggesaksavdelinga og underteikna. Vedlagt er notat/samandrag om av det vi snakka om på telefon.

Eg har problem med å opne nokre av dokumenta i sakane om søknad om løyve til grovplanering samt ferdigattest for dette, men sender over dokumenta straks eg har fått ordna dette.

Når det gjeld spørsmål om parkeringsplassar utanfor regulert byggegrense, som eg har fått vidaresendt frå Benjamin, er dette noko som krev dispensasjon. De står sjølvstøtt fritt til å søke om dispensasjon, men vi vil for ordens skuld opplyse om at den aktuelle byggegrensen er bevisst plassert i ein relativt ny reguleringsplan, og at det ikkje vil vere påreknelig at dispensasjon vil bli gitt. Dispensasjonssøknaden vil vere nabovarslingspliktig.

Med venleg helsing



LINDÅS KOMMUNE

Kristin Nielsen
Rådgevar byggesak

Fra: Benjamin Stephen Hicks
Sendt: 24. september 2015 13:07
Til: Kristin Schübeler Nielsen
Emne: VS: sak Galteråsen 3-5 Gbnr 137/760

Med helsing,

Benjamin Hicks
Jurist
Byggesak

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
NO-5914 Isdalstø
Telefonnummer +47 56375000

postmottak@lindas.kommune.no

Ikke svar på denne eposten.

Svar eller førespurnader sendast postmottak@lindas.kommune.no

Fra: Larissa Dahl [<mailto:larissa.dahl@htb.no>]
Sendt: 24. september 2015 12:38

Til: Benjamin Stephen Hicks

Emne: sak Galteråsen 3-5 Gbnr 137/760

Hei Benjamin.

Takk for hyggelig telefonsamtale i går. Jeg og Mette har sett på spørsmålene Deres og skal besvare dem snarest.

Kunne Du hjelpe oss litt: Finnes det hjemmel for dispensasjon for etablering av parkeringsplasser utenfor byggegrense. Det er meget viktig for oss å finne ut pga. kommuner har forskjellig praksis.

I tilfelle at det kreves dispensasjon for etablering av parkeringsplasser utenfor byggegrense, søker vi selvsagt dispensasjon. Er det påkrevd ny nabovarsel pga. dispensasjon eller kan vi søke om fritak for ny nabovarsel?

Takk for svar! Ha en flott dag videre!

MVH

